



Personvernfråsegn for Museumssenteret i Hordaland

- Gjeld kundar

Behandlingsansvarleg

På vegne av Museumssenteret i Hordaland er direktør behandlingsansvarleg for stiftinga si handsaming av personopplysningar.

Personopplysningar som vert lagra

Vi lagrar fylgjande personopplysningar om kundane våre:

Namn, adresse, telefon, e-postadresse og organisasjonsnummer

Føremål med handsaming av personopplysningar

Vi handsamar opplysningane for å kunna gjennomføra pliktene våre etter avtale om kjøp med deg eller firmaet ditt.

Grunnlaget for handsaminga

Informasjon om namn, adresse, telefon og e-postadresse vert brukt for å oppfylle kjøpsavtalen. Grunnlaget for denne handsaminga er personvernforordningane artikkel 6 (b).

Innhenting av personopplysningar

Vi lagrar dei personopplysningane du har gitt oss i samband med kjøpet ditt.

Utlevering av opplysningar til tredjepartar

Vi vil ikkje dele, selje, overføre eller på annan måte utlevere personopplysningar til andre, med mindre vi er rettsleg plikta til det.

Sletting av personopplysningar

Opplysningar vi etter Lov om bokføring er plikta til å oppbevare vil verta lagra i inntil 5 år, i medhald av krav i lova.

Rettar for den registrerte

Vi handsamar personopplysningane dine i medhald av personopplysningslova og gjeldande forskrifter. Det vert gjort merksam på at du kan krevje innsyn i og flytting av eigne personopplysningar, samt krevje retting eller sletting av opplysningar.

Du kan klage til Datatilsynet på handsaming i strid med reglane.

Personvernombud

MuHo har pr. i dag ikkje personvernombud.

Informasjonstryggleik

Vi sikrar personopplysningane dine ved både fysisk og virtuell tilgangskontroll, samt ved kryptering og passordvern av sensitive deler av gitte opplysningar.

Kontaktinformasjon

Dersom du ynskjer informasjon om opplysningar som er registrert, retting eller sletting av opplysningar, kan du ta skriftleg kontakt til fylgjande adresse:

post@muho.no

eller

Museumssenteret i Hordaland

Salhusvegen 201

5107 Salhus

Tlf. 55 25 18 00